SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Utgreiingsoppdrag 5: Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane; innsparingstiltak: oppbygging av faga i arbeidsåret

Bakgrunn

- Ut frå skulane sine arbeidsplanar/årsplanar fell det kvart år bort lærarstyrte undervisningstimar, t.d. i samband med eksamen, aktivitetsdagar og temadagar.
- Ein arbeidsrettsdom frå 2006 slår fast at det ikkje er bindingar mellom tal timar i læreplanen (det årlege undervisningstimetalet elevane skal ha i eit fag) og undervisningstimetalet læraren skal ha i det same faget.

Økonomisk innsparingspotensiale

- Innsparingspotensialet av tiltaket vert påverka av elevtalsutviklinga, tal grupper og evt. endringar i skule- og tilbodsstruktur. Dagens skule- og tilbodsstruktur ligg til grunn
- Det er lagt til grunn at reduksjonen i rammene må vere på eit nivå som er realistisk for alle skulane

- Ein kan leggje til grunn at minst 5 prosent av samla tal undervisningstimar ikkje vert nytta til lærarstyrt undervisning (dagens praksis)
- Innsparingspotensialet er stipulert til om lag 12 mill. kr årleg
- Tiltaket har personalmessige konsekvensar

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Vidare prosess

- Arbeidsgruppe med deltakarar frå fylkeshovudtillitsvalde, skulane og fylkesdirektøren.

  Mandat:

  Fylkesdirektøren set med dette ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide eit rammeverk for korleis tiltaket praktisk kan gjennomførast.

  Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn:

  – Den praktiske gjennomføringa skal skje på den einskilde skule.
  – Skulane skal så lang som mogleg praktisere oppbygging av faga i arbeidsåret ut frå same grunnlag.
  – Bruken av administrative ressursar for å gjennomføre tiltaket skal minimaliserast.

- Gjennomføring av tiltaket frå hausten 2017